Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7  Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.  Herad: Meland

Emne: Skav  Bygdelag:

Oppskr. av: Elias Mjåtveit  Gard: Mjåtveit

(adresse): Frekhaug  G.nr. 22  Br.nr. 8,

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigi og andre si röynsla.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Småbrukar m. m. f. 1874, Mjåtveit i Meland.

SVAR

Hjelpeför.

1. Å skava. Notid: skjev. Fortid: skov.
Eg hev skave. Eg skal skava.

4. Fyrr kunstgjödselen kom vart det vanleg skave noko om vintrane. Var det eit kleint högår, vart det skave mykje – stundom mest kvar dag myrkaste vetteren. Det vart rekna til hjelpeför, men litegrann vart det gjerne skave kvar vetter. Elles var lyng viktigare hjelpeför her en skav. Stort lyng brende dei vekk – helst når marki var frosi, so elden ikkje skada marki. Var det lyngver, slo dei gjerne lyng kvar dag. Elder det vart slege so mykje, at dei laga lyngstål heime i löda. Ein slo lyng med stuttorv og med langorv. Var det stort lyng, skar ein med sigd.

5. Raun var mest nytta, og so hegg.
Selja og vier kunde ein ogso ta med.
Men om desse sa ein:

Selja svelte,
vier velte.

Berre vier kunde soleis ikkje kyr berga seg med.

999

6. Nei. Med skav meinte folk alle treslag som kunde nyttast. Bjørk skov ein ikkje. Nåletre var her ikkje, fyr her vart planta planteskog.

7 Dette rimet er ogso kjend her – men alm finns ikkje ~~her~~ i vår bygd utanom enkelte som er planta.

Lind(?) gjö,
raün fö", ask gjer kjyri rask,
selja svelte, eik gjer kjyri kjeik
vièr velte,
hegg legg merg i legg.

8 Skavet var åt kyri. Det vart „visska" inn i vondlane (middagsmålet). Older og osp vart aldri skave, helder ikkje björk.

9. Godt skav var berre bra. Det likte kyrne, og det gav rjome på mjölki.

10 Jamt gjekk ein eins erend etter skav. Hesjestaur vart og vert vanleg skava borken av, antan det er bork kyrna vil eta elder det er björkestaur. Skaven staur varer lenger en staur med bork på.

11 Dei seier som so: Eg går stad og finn meg noko skav.

12 Veden etla til skav kallar ein skav. Når borken er skava av, vert veden kalla skavkjeppar.

13 Ordet „marka" kjenner eg ikkje, men å "samla lyng til för vert kalla å lynga.

14. Om vetteren elder fram på våren, når höyet minka, vart det teke til med skaving.

999

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

14 b. Det vart helst rekna som eit lett arbeid. På denne tid havde ikkje folk det so annvinnt. Dette å gå langfredag på fastande hjarta etter skav, er ukjend her. Derimot hev eg ein draum om, at det fyrr mi tid havde vore skikk (og tru) at ein skulde gjera eitkvart arbeid på fastande hjarta langfredag. Eg hev glöymt kva arbeid det var – elder om det galdt altslag arbeid.

15. Var det kaldt ver, skov dei inne i stova. Elles kunde det vera ute – helst i vedskytja elder vedhus.

16 Til å skava med vart helst nytta bandekniv, om ein havde ein slik. Men elles vart det ofte nytta ein stutt ljå utan skaft. Eg hev ogso sett nytta tollekniv, men det gjekk seinare det. Reidskap serleg laga til skavkniv hev eg aldri set. – Det er nokk å ha handtak berre i eine enden av kniven. Er det ljå ein nyttar, kunde ein berre vinna eit stykkje skinn elder ei filla om ljåen, der handtaket skulde vera. Tynsleljåane var kje betre en andre ljåar. Best var bandekniv.

17. Når ein skjer hesjestaur elder större stokkar lyt ein halda seg ute. Då kan ein t. d. leggja eine enden av stauren på ein sagekrakk elder kasse og setjer seg sjölv på ein annan – om ein vil sitja.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Bandekniven held ein med båe henderne og dreg ein til seg. So flytter ein seg etter kvart som det trengst. – Elder ein setjer stauren med toppen mot veggen og skjev nedover.

x Småved skov ein jämnaste inne i stova, om det er for kaldt til å vera ute. I vår stova er ein langbenk med eit hol i eine enden. I det holet vert sett ein pinne til å stötta skavkniven mot. Kniven vert då halden i ro, og pinnane vert dregne mot han. Det er snaraste måten ein kan skava på.

Sernamn på pinnen i forsätet (langbenken) hev ein ikkje.

18 Dei som ikkje havde langbenk kunde nytta t.d. sengkanten elder eitkvart anna til å stötta Gjåen mot. Dette var i eldre tid. No er stovorne vortne for fine til slikt arbeid. Det er ogso sjeldnare at det vert skave no. Får ein kjöpa kraftfor, so er det helst det ein triv til i höyknipa. Namnet skavhol er ukjend her.

19. Når ein skjev, sitjer ein på ein krakk d. lign. Bandekniven elder Gjåen held ein med vinstre handi og skavkjeppen med högre, og kjeppen dreg ein mot eggi på bandekniven. Ein stokk med hol i (for Gjåodden) bunden fast til sengestolpen hev ogso vore nytta.

999

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

20 Skavkjeppar kallast veden, men skav kallast borken, som er skava av.

21 Skav kallast altso borken, som er skaven av trei. Ingi sernamn på dei småe borkbitane.

22 Av svert tjukke stokkar skjev ein ikkje. Den borken er altfor grov. Det er mest greiner av tre ein skjev. Men ogso leggen av tre med staurtjukn og staurlengd.

23 Skavkjeppar er namnet. Kubbar kallar ein tjukke stykkjer av leggen på litt store tre antan dei er skava borken av elder ikkje.

24 Reglar om korleis skavet skal vera hev eg aldri høyrt om. Ein skav borken ~~tett~~ til veden, men ved skav ein ikkje med.

25- Veden nyttar ein til omnsved. For å få han snart turr, la ein gjerne slik ved millom omnsrøyri og veggen - so mykje der var plass til.

26. Skav vert lite nytta no. Det stel for mykje arbeidstid. Sidan kunstgjødsel kom i handelen, vart det meir høy. Derimot kan ein endå lynga noko i ringe høyår.

T. J.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING